

Nakkeprosjekt til ti millionar

Av Bjørn Grov, 10.08.06

Gloppen: Det vitskapelege prosjektet som skal dokumentere effekten behandlinga nakkepasientar får på Firda fysikalsk- medisinsk senter (FFMS) på Sandane vil koste ti millionar kroner, og skal vare i 3,5 år.

Sosial- og helsedirektoratet har no kostnadsrekna på prosjektet som vart vedteke sett i gang av helsestyresmaktene tidlegare i år, og som med eit positivt resultat sett med FFMS og pasientane sine auge kan få som resultat at dei får kostnadene dekka av trygdesystemet. Heile prosjektet kjem altså til å koste ti millionar kroner, og skal vare i 3,5 år.

Mange av nakkepasientane har til Firda Tidend fortalt at dei har fått god hjelp og eit nytt liv etter behandling hjå Kaale på Sandane. Men dei økonomiske kostnadene med reise, behandling og opphold har dei måtte ta sjølve.



Manuellterapeut Bertel Rune Kaale og rådgjevar Marianne Sunde ved Firda fysikalsk- medisinsk senter på Sandane er svært nøgde med at forskingsprosjektet no kjem i gang.

Må dekke sjølv

Hardt nakkeskadde pasientar frå heile landet må sjølv dekke sine rehabiliteringsopphald ved FFMS – grunna i at det i Rikstrygdeverkets regelverk heiter at ein berre får dekka reise til nærmeste manuellterapeut. Med dette som utgangspunkt var det at Helse- og omsorgsdepartementet bad Sosial- og helsedirektoratet om å ha møte med representantar for pasientane og spesialist i manuellterapi Bertel Rune Kaale ved FFMS. Møtet i Sosial- og helsedirektoratet, med prosjektdirektør Hans Petter Aarseth, fann stad 25 januar i år. Etter møtet skreiv Aarseth i eit brev til departementet at direktoratet vurderte behandlinga ved FFMS som så interessant at det burde etablerast eit forskingsprosjekt for å få dokumentert vitskapleg effekten av behandlinga. Departementet godkjende prosjektet i brev av 17. februar i år. Grunnen til at det er nødvendig med eit forskingsprosjekt, er at Kaale tek doktorgrad på diagnostisering av nakkeskadde og ikkje rehabilitering.

Svært viktig

UNIFOB Helse, eit forskingsselskap under Universitetet i Bergen, ved forskingsdirektør og professor Hege R. Eriksen, har fått i oppdrag å gjennomføre prosjektet, og er klare til å starte opp arbeidet ved Firda så snart ei avtale med Sosial- og helsedirektoratet ligg føre.

- Firda fysikalsk-medisinsk senter ser fram til at forskingsprosjektet kjem i gang. Resultatet av dette prosjektet blir svært viktig i det vidare arbeidet med å tilrettelegge ei målretta rehabilitering for denne pasientgruppa, seier manuellterapeut Bertel Rune Kaale.